

400 døgnkort selde og 618 kg fisk fanga i 2017.

06.04.2018



Fiske i Uskedalselva har vore på det jevne i 2017, men det er ein nedgang i høve til året før.

**Årsmeldinga frå Uskedal Grunn- og elveeigarlag fortel om eit driftsår på det jevne. Det er fanga 617 kg fisk mot 765 kg året før. Av dette er 120 kg sett ut i elva igjen. Det er selt 400 døgnkort og tilsaman er det fiska 161 laks og 51 aurar. Av desse er 85 fiskar sett ut igjen. Elveeigarlaget er medlem i organisasjonen Norske lakseelvar og laget forventar hjelp i arbeidet med ny driftsplan.**

På årsmøte, som skal vera på Stemnepllassen sundag 8. april, vert det lagt fram detaljert fangsrappor. Fylkesmannen sin miljøavdeling vil at det vert sett ut gytesteinlar i Uskedalselva, slik det vert gjort i mange elvar for tida. Det er registrert pukkellaks i elva, eit framandelement som i verste fall kan truga fiskebestanden.

Det er gjennomført haustfiske etter oppdrettslaks. Det føreligg ikkje nøyaktige tal, men så langt er det registrert lite oppdrettslaks i elva. Uskedalselva er atypisk ved at det er lite laks med lakslus, i høve til tilsvarande elvar i Hardangerfjorden.

Siloplast og forsøpling er eit problem. Lite er gjort frå grunneigarane si side. Med sterkt fokus på plast langs elva, spør styret i årsmeldinga etter tiltak. Fiskeoppsynet har registrert lite brot på fiskereglane. Noko rykking er det. Ein må også rekna med litt underrapportering, men det er ikkje eit stort problem.

Styret i Elveeigarlaget 2017 har vore:

- Trond Lekva Myklebust - leiar
- Andreas Kristoffersen - nestleiar
- Lars Haugland - kassastyrar
- Kjetil Fossheim - styremedlem
- Tor Jarle Kjærland - styremedlem

Tekst/nett: Kristian Bringedal  
Foto: Kristian Bringedal/Helge Skoglund



Det er reistrett pukkelaks i nedre del av elva.